



ALLTID BEREDT

## Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

---

<b>Tid:</b>	Mandag 21. sep. 2020 kl. 20:00
<b>Stad:</b>	Zoom videochat
<b>Tilstades:</b>	Erik Bloch, Marius Johannessen, Solveig Lanes, Magnus Molland (vara), Øyvind Gulliksen (vara)
<b>Frå adm.:</b>	Hildegunn L. Fjelland
<b>Andre:</b>	
<b>Forfall:</b>	Magnus M. Aronsen (Vara), Brage Fiskå, Espen Sørensen,
<b>Referent:</b>	Hildegunn L. Fjelland

---

Kretsleiar leia styremøte.

### Saksliste

RK-sak 20/2020	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 21/2020	Godkjenning av referat frå styremøte 10. mai 2020
RK-sak 22/2020	Statusrapport
RK-sak 23/2020	Økonomirapport
RK-sak 24/2020	Landsleir 2021 avlyst
	Eventuelt

**RK-sak 20/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Feil dato for forje kretsstyremøte

*VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknad om feil dato for forje kretsstyremøte.*

**RK-sak 21/2020: Godkjenning av referat frå styremøte 10. mai 2020**

Ingen merknader til referatet.

*VEDTAK: Referatet frå styremøtet 10. mai 2020 vert godkjent.*

**RK-sak 22/2020: Statusrapport**

Grunna situasjonen rundt koronaviruset vart alle arrangement i kretsen frå 13. mars til etter sommarferien avlyst.

18.-20. september var det kretsens helg, og 13 stk. Deltok på Trinn 1 kurs.

*VEDTAK: Styret tek statusrapporten til orientering.*

**RK-sak 23/2020: Økonomirapport**

I vår velta eit tre over garasjen på Lier og det førte med seg nokre uventa kostnader. Elles ingen merknadar til økonomirapporten.

*VEDTAK: Kretsstyret tek økonomirapporten til orientering*

**RK-sak 24/2020: Landsleir 2021 avlyst**

Grunna usikkerheita for om det er mogleg å arrangere landsleir neste sommar har landsleirkomiteen valt å avlyse/utsetje landsleiren.

Kretsstyret drøfta kva alternativ me har for neste sommar no når landsleiren er avlyst. Kretsstyret ynskjer innspel frå gruppene om kva dei ynskjer og ser for seg. I tillegg ventar me på meir informasjon frå forbundet, om det blir noko opplegg frå deira side.

*VEDTAK: Kretssekretær tek kontakt med gruppene og høyrer kva dei tenkjer.*

**Eventuelt**